

Lokalsamfunn og klasse som solidaritetsgrunn

Heimen 1/98

– eit eksempel frå Follafoss i mellomkrigstida¹

Av Ingar Kaldal

«Follafoss ligger overmåte avsides i en barsk natur. Ofte er det vanskelig med provianten. Det hender at det er uframkommelig sjøverts, så man må hente provianten langveis fra – over fjellet med kløv. På et sånt sted blir maten dyrere enn andre steder. Og beliggenheten er så trist, at hvis ikke arbeiderne får bedre lønn enn andre steder så blir det umulig å få folk dit». Slik kommenterte formannen i Norsk Papirindustriarbeiderforbund Andreas Bratvold lønnsforhandlingane i 1924 ved Folla tresliperi i Verran kommune i Nord-Trøndelag². På landsmøtet i forbundet fire år seinare ga den same forbundsformannen sliperiarbeidarane ei lekke fordi dei fleire gonger hadde nekta å lyde forbundet sine råd i tariffoppgjera, og blant anna hadde gjennomført ein ulovlig streik for nettopp å behalde den høge lønna si. «Det folkene ved Follafoss må lære å forstå, er felleskapets idé», sa han. Forbundet ville ikkje støtte streikar i Follafoss så lenge arbeidarane der var dei best betalte i alle sliperi i landet³.

For Bratvold sto fagforbundet for klassesolidariteten, den solidariteten som arbeidarane på kvar enkelt arbeidsplass burde innordne seg og sjå som sitt mål som klassemeldvitne arbeidarar å handle etter. Men kva sto sliperiarbeidarane i Follafoss for, om ikkje det òg var ei klasseinteresse? Sjøl om dei kjempa for ei lønn som låg over gjennomsnittet i klassen, og såleis kunne skuldast for å vera ute etter særfordelar, var det som *arbeidarar* dei slost, og det mot bedrifta om prisen på det arbeidet dei gjorde. Trulig sto dei for den typen klassesolidaritet som i praksis har vore mest utbreidd av alle, nemlig den *lokale*, den som omfatta fellesskapen på den enkelte arbeidsplass eller innafor eit miljø kor det gjekk an for arbeidarane å overskode spontant kven som tilhørte «oss» og ikkje⁴.

Men ber ikkje begrep som «lokal klassesolidaritet» i seg ei indre motseining? Må det ikkje bli eit val mellom lokalsamfunnet eller klassen som mest retningsgivande for det samhaldet ein skal handle etter? Det er fleire eksempel som tyder på at arbeidarar har gjort slike val. I eit anna sliperisamfunn, Trælandsfos på Sørlandet, var arbeidarane i følgje Andreas Hompland meir bygde- enn klassemenneske. Det fann han ut ved å studere korleis dei tdede seg i ein avgjerande konflikt i 1925 kor fagrørsbla fekk eit gjennombrot på staden⁵. I eit gruvesamfunn på Stord har Øyvind Bjørnson komme til at det var omvendt. Både for leiinga og arbeidarane der var arbeidsgivarforeining og fagforbund viktigare enn forholdet til lokalsamfunnet. Der var det «klassesolidariteten og ikke bygdesolidariteten som var aktørenes viktigste referanseramme», skriv Bjørnson⁶. No kan det hende at forholda i desse bygdene skilde seg frå Folla på fleire måtar. For eksempel kan ein førindustriell bygdekultur ha hatt ulik styrke på slike plassar. Det påverka sjølsagt kva forhold nye grupper fekk til lokalsamfunnet. Det er heller ikkje sikkert Hompland og Bjørnson med bygd og lokalsamfunn har tenkt på akkurat det same som eg har gjort i samband med Folla, nemlig samfunnet i tettstaden omkring bedrifta. Så eg skal ikkje trekke denne samanlikninga lenger i denne omgangen, berre slå fast at forholdet mellom lokalsamfunn og klasse kan ha vore forskjellig.

Når det gjeld Follafoss har eg ein hypotese om at både lokalsamfunn og klasse var sterke grunnlag for å stå saman, og det samtidig, alt-så ikkje eit enten eller slik det ser ut til å ha vore noen andre stader. La oss sjå nærmare på korleis det lokale og det klassemessige kom til å flyte ihop til ei kraft gjennom politikken til



Sliperiet i Follafoss med noen av husa til arbeidarane i bakgrunnen (foto ukjent).

fagforeininga for sliperiarbeidarane. Først må vi vite litt om kva arbeid dei gjorde.

SLIPERIARBEIDET


Kort fortalt går produksjonen i eit tresliperi ut på å lage tremasse av tømmer. Trevirket blir brote ned ved å bli malt mot ein roterande slipestein. Resultatet er eit halvfabrikat som blir brukt som innblandingsstoff saman med cellulose i produksjon av papir. Frå Follafoss vart tremassen stort sett sendt til avispapirfabrikar i utlandet til vidareforedling.

Arbeidet i sliperiet gjekk ut på å sørge for at tømmeret, og etter kvart tremassen, vart ført rett gjennom dei ulike ledda i prosessen: Først gjekk tømmeret frå eit hamnebasseng kor det vart lagra, så fram til kappssaga, der det vart kappa til kubb. Vidare vart kubben lagt på slipeapparata og slipt opp til flytande masse. Ved hjelp av såkalla opptaksmaskiner vart den teken opp på store valsar kor vatnet vart soge og pressa ut. Så var det å pakke massen i bal-

lar og sende den med ein taugbane ut på lageret, til stabling, klare til utskiping.

Heile prosessen vart halden i gang ved hjelp av eit overveldande maskineri som uavbrote dura og gjekk og laga masse døgnet rundt. Difor skiftarbeid, og utan tvil fabrikkarbeid. Omkring 30 mann på kvart skiftet tok seg av produksjonen. Attåt det var det ei gruppe dagarbeidarar som hadde med reparasjoner, vedlikehald og forefallande oppgåver å gjera. Dei varierte i tal.

I mellomkrigstida gjekk arbeidet i produksjonen enno for det meste ut på å bringe råstoffet og massen vidare til nye maskiner og prosessavsnitt med tunge løft og manuelle operasjoner. Arbeidarane handterte tømmer, lempa kubb, løfta og bar tremasse og trilla 200-kilos masseballar på handtriller med to hjul. Eit lite mindretal av skiftfolket hadde nøkkeljobbar kor det gjaldt å vurdere massen, justere maskinene og gripe inn når noe gjekk gale. Ein slipar passa slipinga og tre maskinførarar styrtede kvar si av dei tre store opptaksmaskine-




Ein masseball er gjort klar til å sendast ut på lageret. Ballen vog 200 kilo. Det var desse ballane arbeidarane på lageret trilla på plass ved hjelp av traller med to jarnhjul. Lastarane tok dei seinare ombord i båtane. Både i lageret og i båtane foregjekk stuvinga med handmakt til det kom gaffeltruckar etter krigen (foto ukjent)

ne. Men dei fleste jobbane var altså kroppsarbeid kor det trongst minimalt med opplæring for å begynne. Noen langvarig opplæring måtte heller ikkje til for å ta over som slipar eller maskinførar (det var meir nødvendig for nøkkelfolk i papirfabrikkar kor prosessen var meir komplisert). Nye maskinførarar i sliperiet meistra som regel oppgåvene etter kort tid i stor grad fordi dei var plukka ut blant dei som hadde gått ei stund i sliperiet og gradvis både sett korleis maskinene fungerte, tileigna seg finessane, og vist seg som såpass pålitelige arbeidarar at leiinga torde gi dei ansvar.

Inga grupper i sliperiet besto av kvalifiserte på same måte som fagarbeidarar i den forstand at dei kunne ta med seg eit bevis på kva

dei hadde lært til ein annan fabrikk. Det hadde også få av dei som utførte meir handverkliknande oppgåver. Nesten ingen reparatørar eller snekkarar på sliperiet hadde fagopplæring. Det dei kunne, hadde dei lært seg der dei var, etter behov.

Så nær som noen få, var altså sliperiarbeidarane ufaglærte. For eit fleirtal betydde det at dei ikkje sat på kvalifikasjonar som kunne gjeira dei vanskelige å bytte ut med andre om leiinga hadde villa det. Alt i alt sto sliperiarbeidarane altså svakt mot leiinga så lenge det var folk nok å ta av på arbeidsmarknaden. Og det var det rikelig av gjennom heile mellomkrigs-tida. Ein flokk unggutar sto stadig utafor porten klare til å ta eit skift. Berre ei sterk fagforei-




Ein masseball er gjort klar til å sendast ut på lageret. Ballen vog 200 kilo. Det var desse ballane arbeidarane på lageret trilla på plass ved hjelp av traller med to jarnhjul. Lastarane tok dei seinare ombord i båtane. Både i lageret og i båtane foregjekk stuvinga med handmakt til det kom gaffeltruckar etter krigen (foto ukjent)

ne. Men dei fleste jobbane var altså kroppsarbeid kor det trongst minimalt med opplæring for å begynne. Nøn langvarig opplæring måtte heller ikkje til for å ta over som slipar eller maskinførar (det var meir nødvendig for nøkkelfolk i papirfabrikkar kor prosessen var meir komplisert). Nye maskinførarar i sliperiet meistra som regel oppgåvene etter kort tid i stor grad fordi dei var plukka ut blant dei som hadde gått ei stund i sliperiet og gradvis både sett korleis maskinene fungerte, tileigna seg finessane, og vist seg som såpass pålitelige arbeidarar at leiinga torde gi dei ansvar.

Inga grupper i sliperiet besto av kvalifiserte på same måte som fagarbeidarar i den forstand at dei kunne ta med seg eit bevis på kva

dei hadde lært til ein annan fabrikk. Det hadde også få av dei som utførte meir handverkliknande oppgåver. Nesten ingen reparatørar eller snekkarar på sliperiet hadde fagopplæring. Det dei kunne, hadde dei lært seg der dei var, etter behov.

Så nær som noen få, var altså sliperiarbeidarane ufaglærte. For eit fleirtal betydde det at dei ikkje sat på kvalifikasjonar som kunne gjeira dei vanskelige å bytte ut med andre om leiinga hadde villa det. Alt i alt sto sliperiarbeidarane altså svakt mot leiinga så lenge det var folk nok å ta av på arbeidsmarknaden. Og det var det rikelig av gjennom heile mellomkrigs-tida. Ein flokk unggutar sto stadig utafor porten klare til å ta eit skift. Berre ei sterke fagforei-



Opptaksmaskineriet da sliperiet var nystartet i 1909. Frå oppunder taket ser ein at det gjekk reimer frå noen akslingar og ned på maskinene. Det var desse som dreiv maskinene ved hjelp av kraft overført direkte frå ein vassturbin. Reimene var ubeskytta. Ein gong vart ein mann drepen fordi jakka hans hekta seg fast i ei slik reim. Desse små maskinene vart under moderniseringa i 1920-åra skifta ut med tre store maskiner, som vart drivne med elektriske motorar (foto ukjent).

ning kunne skaffe sliperiarbeidarane tryggheit for jobben og eit grunnlag for makt i forhold til arbeidsmarknaden.

Det er med på å forklare at sliperiforeininga vart svært viktig i dette miljøet, og at ho satsa alt ho kunne på å få kontroll med tilsettingar og oppseiingar ved bedriften. Sliperiarbeidarane starta fagforeining i 1914. Innan 1920 klarte ho både å skaffe seg ei medlemsoppslutning som var bortimot fulltalig, og som ho utan store vanskar greide å halde på for all framtid. Og ho klarte å skaffe medlemmane betre vilkår enn det som var vanlig i papirindustrien ikkje berre når det gjaldt lønn. Blant anna hadde ho ein periode skriftfesta i tariffen sin at bedriften berre skulle ta inn arbeidarar som var medlemmar i sliperiforeininga. Det kjem eg tilbake til. Først litt meir om rammene omkring sliperiarbeidarane sine liv.

LOKALSAMFUNNET, BEDRIFTA OG ARBEIDARANE

Tettstaden Folla låg slik vi hørte i innleiringssitatet «avsidet i en barsk natur». Plassen låg for seg sjøl og klårt avgrensa i forhold til nabobygda, med blant anna fjord og fjell imellom og med dårlig utbygd vegsamband fram til omkring andre verdskriga. Før industrialiseringa levde folket i dette området av jordbruk, skogbruk, fiske og fraktfart. På 1800-talet var Verran eit kjerneområde for jektefarten. Men på den plassen kor sjølve sliperisamfunnet kom til å vekse fram, var det berre tre bondegardar og noen få husmannsplassar⁷.

Folla var ein typisk plass å bygge eit tresliperi på, ved utløpet av eit vassdrag, Folla elva, med kraft nok til eit tungt maskineri og kor tømmer kunne flyttast fram til fabrikken frå store skogområde. I 1901 vart selskapet AS Folla stifta, og eit sagbruk vart starta omtrent der tresliperiet vart liggande noen år seinare.

Her var visst ikkje meir enn 15–16 mann i arbeid, og det berre i sesongar, for om vinteren sto saga. Da tresliperiet vart starta i 1909, vart det den dominerande økonomiske berebjelken for lokalsamfunnet Folla heilt til midten av 1960-talet. Da vart det starta ein mindre mekanisk verkstad vegg i vegg med sliperiet, dels fordi framtida på sliperiet da begynte å sjå usikker ut. Frå omkring 1920 til ut på 1980-talet var sliperiet eigm av Nord-Trøndelag Fylke. Det kunne vera godt i krisetider, men det hadde neppe avgjerande betydning for det eg vil belyse her.

Dei som slo seg til på plassen, var avhengige av sliperiet. Men sliperiet var også som forbundsformann Bratvold sa, avhengig av å halde på dei som kom til bygda. For det var ikkje sjølsagt for tilflyttarar at dei skulle slå seg til på ein slik plass. Olaf Loe kom til Folla som anleggsarbeidar omkring 1920, da fylket sette opp kraftstasjonen der. Mange år seinare beskrev han møtet med plassen slik i bedriftsavisa: «*Vi var fem stykker i lag som bestemte oss for å reise til Follafoss (...). Vi visste at det var et tresliperi og således en industripllass vi kom til, og vi ble enige om at det var sikkert en pen og trivelig plass og sikkert godt om hus, så alt så i fantasiens lyst ut. Men da vi entret kaia ble inntrykket et helt annet, det var mørkt, kalt og snøfokk. Vi satte koffertene fra oss og skulle orientere oss litt, men det var lite å se, hus så vi nesten ikke, og det var naturlig, for det var lite av dem i Follafoss den gang. Vi ble enige om at vi hadde havnet på en meget utrivelig plass. Vi lovte dyrt og hellig at her skulle vi ikke bli så lang tid*»⁸. Dei fleste anleggsarbeidarane kom da også til å dra etter ei stund. Olaf Loe var blant eit lite mindretal som vart att.

Noen få år seinare steig Aslaug Engen i land frå lokalbåten. Ho var da 20 år og skulle begynne som pike hos Bergh, direktøren på sliperiet. «*Da styrmannen på båten sa til meg at det er her du skal vera, så sa eg at nei i dette hølet skal eg ikkje bli lenge. Men no har eg vore her i 63 år*», seier ho i 1989⁹.

Dei første åra var det mye gjennomtrekk ved sliperiet. Det varte delvis fram til midten av 1920-åra. Frå 1922 til 1926 var det mye utbygging og nyrekrytting, og mange var innom sliperiet utan å bli lenge. Men i løpet av siste halvdel av 1920-åra utvikla arbeidsstokken på

sliperiet seg til å bli svært stabil. Av dei som var på sliperiet i 1920, slutta omtrent halvparten innan 1924. Men frå da av gjekk det firefem gonger så lang tid før ein like stor del av arbeidarane slutta.

Omkring 1920 var så mange som over halvparten av sliperiarbeidarane under 30 år. Likevel var eit stort fleirtal av dei gifte. Altså unge, men med familie, og dermed med grunn til å vera på leit etter eit fast tilverke. Det bidreg til å forklare stabiliseringa. Men det betyr også at dei trond å bygge seg opp ei tryggheit for jobbane sine. Og det var det som sagt berre ei sterke fagforeining som kunne gi dei så lenge dei ikkje sat på kvalifikasjonar som gjorde dei uerstattelige i jobbene. Det å berre ha eit ufaglært kroppsarbeid å tilby, kunne forsåvidt lett ha gjort dei til lausarbeidarar som ikkje tok mye for å dra sin veg dit vilkåra var best i augblíkket, slik som rallarane. Det at ein slik kroppsarbeidarstatus fall ihop med ein familiesituasjon som må ha talt for å slå rot, gjorde at fagforeininga fekk ei avgjerande betydning.

Når dei så slo seg til i Follafoss, var grunnen berre for eit mindretal den at dei hadde vakse opp der. Fleirtalet av arbeidarane i 1920 var fødde utafor kommunen. Det må straks føystast til at dei likevel i stor grad kom frå nabokommunane. Om dei som samlast i Folla, kom utafrå, så kom dei altså stort sett frå ein felles trøndersk bygdebakgrunn, frå jordbruksbygger kor fabrikklivet enno var ukjent for dei fleste¹⁰.

Når desse reinhekla bygdemennska slo seg til på sliperiet, gjorde dei fleste seg til like reinhekla industriarbeidarar. Berre omkring ein av åtte kombinerte i 1920 jobben på sliperiet med småbruk, husmannsplass, eller anna attåtinntekt. I Folla finn ein slett ikkje noen utbreidd «to-kyrs» arbeidartype som for eksempel i det sliperisamfunnet Andreas Hompland har beskrive ved Trælandsfos. Der var halvparten av arbeidarane samtidig gard- eller småbrukarar¹¹. Klassemessig var Follaarbeidarane altså bortimot ublanda og eintydig industriarbeidarar. Samtidig med at det ga grunnlag for å kjenne seg like og å halde godt saman, peikte også det at dei berre hadde lønnsarbeidet å leve av, i retning av å bruke

fagforeininga desto meir intenst til å ta vare på levebrødet.

Ein stor del av dei som kom til sliperiet, og møtte ein såpass eintydig klassestruktur i Folla, må ha kjent til klasleforskjellar frå før, mellom bonde og husmann. Om ikkje klasleforskjellane i Trøndelag var like store som på Austlandet, så var dei tydelige nok. I intervjuet kjem det fram hos dei fleste at dei kom frå husmanns-, småbruks- eller arbeidarbakgrunn, ikkje frå bondestand. Sliperiet i Folla var baud for desse på betre lønn enn dei ville fått i dei fleste andre jobbar i området. Dei kom som underklassemenneske og fekk det betre, men det gjorde dei i eit enda klårare klassesdelt samfunn. Det skulle gi grunnlag for både identitet og energi nok til å fremme interessene sine som klassemenneske. Dei sliperiarbeidarane som aktiviserte seg i lokalpolitikken, gjorde det nesten utan unntak saman med klaslefellarar, arbeidarar og småbrukarar, i Arbeidarpartiet og Komunistpartiet. På andre lister fanst nesten ikkje sliperiarbeidarar¹².

MILJØET: TETT OG TOTALT, MEN IKKJE PATERNALISTISK

Sliperifolket og familiane deira budde og levde nært innpå kvarandre innafor den plassen som vaks fram omkring sliperiet. Berre 11 av 82 sliperiarbeidarar hadde i 1920 det faste husværet sitt utafor sjølve tettstaden Folla, men også halvparten av dei 11 budde som midlertidige leigebuarar i Folla¹³. I tillegg til at dei levde tett innpå kvarandre, dominerte sliperifolket lokalsamfunnet nesten åleine. Andre arbeidsplassar i Folla var etter at kraftanlegget var ferdig tidlig i 1920-åra, stort sett berre skolen, kraftstasjonen og samvirkelaget.

Det som var av overklassefolk var nesten ute-lukkande sjefar på sliperiet. Arbeidsformennene naut i den første tida såpass til status at dei kan reknast som ei mellomgruppe. Før direktøren vart flytta frå Steinkjer til Folla i 1926, var toppsjiktet berre ein sliperimeister og ein ingeniør. Men desse var ikkje desto mindre overklasse. Ingeniøren på sliperiet i 1920 kom frå Kristiania. Han budde i ein eigen ingeniør-bolig finare enn noen arbeidarbustad. Der hadde han både kokke og barnepike. Enda

klårare vart overklasseinnslaget da disponenten flytta til Folla og det vart sett i stand eigen direktørbolig.


Folla likna eit brukssamfunn, men bar ikkje i seg paternalistiske tradisjonar. Den moderne industribedriften vaks rettnok fram der det hadde vore eit sagbruk. Men det var for nytt til å ha skapt noen tradisjon, og det var lite. Dei arbeidarane sliperiet kunne ta over derifrå, var ikkje mange. Dei fleste kom utafrå, både arbeidsfolk og sjefar. Toppsjefane på sliperiet hadde ikkje noen posisjon i lokalsamfunnet som for eksempel gjorde dei til leiarar også i kommunepolitikken¹⁴.

Lokalsamfunnet mangla fastgrodde autoritetsband. Det vart heller ikkje gjort mye for å bygge opp frå grunnen eit paternalistisk forhold mellom arbeidarane og leiinga på sliperiet. Fagorganisasjonen vart også ei motvekt mot at det skulle skje. Det at den kom til å bli så sterk, gjorde at arbeidsforholdet tidlig vart meir eit spørsmål om kjøp og sal, enn om faderlige band.

Fagrørsbla fekk også snart hand om mye av det som trøngst av samfunnsinstitusjonar på plassen: Samvirkelaget vart starta i 1920. I tilknyting til det vart det også sett i gang eige slakteri, bakeri og frå 1926 kafé (før den tid var det ei privat «spiseforretning» på staden, drive av ein arbeidar). Folkets Hus vart bygd i 1924. Det vart det einaste store forsamlingslokalet på plassen heilt til det vart bygd samfunnshus meir enn 40 år seinare.

Arbeidarmiljøet i Folla var eit typisk totalmiljø, ville Edvard Bull ha sagt^{14b}. Sliperiarbeidarane levde her saman både i arbeid og fritid, i motsetning til i «brøkmiljø» kor arbeidsplassen er eitt fellesskap, bufellesskapet eit anna, fritida kanskje eit tredje. Dei var saman om det meste, og i svært mye av det var arbeidarrørsbla til stades som ein medverkande faktor.

Bortsett frå noen få, og det var stort sett berre dei få som også hadde eit gardsbruk på si, fanst nesten ikkje sliperiarbeidarar med sjøleigde hus i Folla i 1920. Dei fleste leide bustad av bruket. Med utbygginga av sliperiet og veksten i arbeidsstokken frå 1920 til 1926 vart husmangelen prekær. Den vart da eit tema for fagforeininga. Ho gjekk hardt på for å få bedrifta til både å bygge ut og forbetre bustada-



Vegen gjekk lenge tvers igjennom fabrikkområdet. Først etter krigen vart den lagt utom. I Follafoss vart det aldri sett opp gjerde omkring fabrikken, og portvakt, slik det skjedde ved mange andre fabrikkar. Men også her var altså livet i fabrikken meir fletta inn i omgangen elles i lokalsamfunnet tidlegare (foto M. Knoph).

ne sine og å hjelpe arbeidarane med å skaffe seg sjøleigde hus. Tomtespørsmålet vart gjort til viktig tariffskrav. I 1925 vart ein del tomter stukne ut. Og bedrifta gjekk med på å yte lån til 14 arbeidarar som ville bygge. Dermed var ei utvikling starta med overgang frå leige til sjøleige av hus. Men den gjekk seint. Da bedrifta innvilga huslån til noen i 1926, var det eit kompromiss med fagforeininga i tariffoppgreret, og ikkje resultat av noen paternalistisk tanke. Bedrifta la heller ikkje etter dette om til å hjelpe arbeidarane meir med å skaffe seg sjøleigde hus. Det gjorde ho for alvor først i 1950-åra, og da som eit utslag av ei anna tid, med overflod av pengar å ause av. I 1930-åra nøyde bedrifta seg med å leige ut tomter, så fekk dei som ville bygge, klare resten sjøl.

Heller ikkje ei naturaltyng som brensel i form av råtekubb frå sliperiet, var slikt som leiringa ga arbeidarane som gáve. Den måtte ar-

beidarane kjøpe, og prisen sto i tariffen. Først i 1933 vart det bestemt at veden skulle vera gratis. Men også det var ein del av handelen mellom fagforeininga og bedrifta, altså som betaling for arbeidet. Sliperiet vart ødelagt av flom i 1932, og fagforeininga gjekk med på å redusere lønna noe. Veden var såleis meint som ei erstatning. Vedhistoria er eit av fleire eksempel på at fagforeininga fylte eit rom der ei paternalistisk bedriftsleiing mangla.

Medan sliperiet unektelig var det navet som det meste i dette samfunnet dreide seg rundt, sto fagorganisasjonen for svært mange av dei eikane som bar hjulet. Noe av det vi har sett leiinga gjorde for dei tilsette, hadde trekk som likna paternalisme, men var ikkje det. Gratis ved og lån til husbygging kan sjølsagt ha knytta arbeidarane til bedrifta, og det bidrog til at bedrifta var «til stades» i livet også utom jobben. Men desse tiltaka var formidla og regulerte gjennom fagforeininga i staden gjennom ein personlig «pater familias» som herska over lokalsamfunnet. Det var ein viktig skilnad.

På dette punktet kan det vera klårgjierande å samanlikne Folla med eit ytre sett liknande miljø lengre nord i Trøndelag, Salsbruket. Der vart det starta eit tresliperi omtrent på same tid som i Follafoss. Plassen var prega av minst like sterkt isolasjon og tette sosiale relasjonar. Men makta over sliperiet låg her i hendene på ein eigarfamilie med gamle hersketradisjonar i området. Det gjorde at andre eikar prega det sosiale hjulet. Collett-familien sette i gang fleire tiltak for folket: forsamlingslokale, landhandel, bakeri, vaskeri, brannstasjon og eiga helseteneste. Samtidig gjorde bedriftsleiinga mye for å hindre fagorganisasjonen i å få hand om livet på plassen. For eksempel nekta Collett-familien tomt til kooperativ butikk i 1918. Ikkje før i 1952 kom det i gang eit samvirkelag¹⁵. Det viktigaste i det som skil Salsbruket frå Follafoss, er ikkje nødvendigvis mengda av gode tiltak frå bedrifta si side (sjøl om det og kan ha vore ulikt), men fagorganisasjonen si rolle mellom bedrifta og folket. Sjøl om mye i folks forhold til bedrift og arbeidsplass elles likna, var veven i dei sosiale relasjonane spunne av andre trådar.

Medan den sosiale orden i mange små og tette industrisamfunn av Salsbruket sitt slag sto og fall med personlige forhold mellom arbeid-

ar og leiar, vart denne orden i Follafoss i stor grad bygd opp med fagrørsla som garantist. Poenget er ikkje å koste under teppet det som var av strid. Det var både mange og harde arbeidskonfliktar her som andre stader i 1920- og første del av 30-talet. Men det hindra ikkje fagorganisasjonen i å bidra til å skape identifikasjon både med bedrift og lokalsamfunn. Det skjedde heller ikkje nødvendigvis trass i at ho var pågåande mot bedriftsleiinga, men kan skje like gjerne fordi ho nettopp var det.

FAGFORENING TIL VERN OM DET LOKALE LEVEBRØDET

Sliperiforeininga sin politikk kan samanfattast som eit strev for å sikre medlemmane eit best mulig levebrød på plassen, *lokalt*. Det ga seg utslag i ein pågåande lønnspolitikk, kor foreininga i staden for å la seg tøyle og innordne i fag forbundet sin politikk, sette alt inn på å få ut det ho kunne av lønnstillegg lokalt. Til forbundsleiinga sine påpeikningar av kor godt dei tente i Folla i forhold til andre stader, var svaret på landsmøtet i 1928 at «vi får ikke mer enn for det arbeide vi gjør»¹⁶. I det låg ein moral som sa at den lønna arbeidarane hadde rett på for arbeidet sitt, altså det som var rimelig betaling for eit rimelig arbeide, ikkje let seg utleie av for eksempel noe landsgjennomsnitt for sliperiarbeidarar. Kva som kunne godtakast av pris for arbeidet, skulle dei som utførte det, bestemme, altså lokalt.

Det fundamentale poenget er ikkje her at slike fagforeiningar som sliperiforeininga alltid var meir pågåande enn forbundet, men at dei hadde som hovudmål å få forvalte levebrødet mest mulig sjølstendig *lokalt*. Det finst fleire eksempel frå mellomkrigstida på at fagforeiningar trassa forbunda sine også ved å inngå avtalar lokalt som ga *dårligare* lønn enn det forbundet ville godta. Ved Herre cellulosefabrikk i Bamble hang nedleggingsspøkelset over arbeidarane fleire gonger i 1920-åra. Da eigarane, Borregaard, sa at drifta kunne takast opp att om arbeidarane gjekk kraftig ned i lønn, sa Papirforbundet nei til det. Men fagforeininga trassa forbundet og ofra ein stor del av lønna for å få behalde arbeidet¹⁷.

Det å sikre levebrødet for medlemmane lokalt gjekk forresten ut på meir enn å utnytte

dei lokale mulighetene til best mulig lønn. I Follafoss handla det like mye om å sikre dei som no ein gong hadde bestemt seg for å bli på plassen, ein rett til å behalde levebrødet sitt der også framover. Difor prøvde sliperiforeininga å få ein best mulig innverknad også på kven som skulle ha jobb på sliperiet. Ein periode omkring 1920 hadde ho faktisk bedriftsleiinga sin aksept i tariffen på at det berre skulle vera organiserte arbeidarar på sliperiet. I 1922 forsvann det punktet frå avtalen. Men også etter det klarte foreininga å markere seg som ein påpassar som det ser ut til at bedrifta langt på veg kom til å ta omsyn til når det gjaldt kven som skulle ha arbeid på sliperiet. I 1928 vedtok foreininga å regulere intakket av nye medlemmar. Deretter måtte ein söke om å bli medlem. Grunnen var at medlemskap langt på veg hadde vorte ein slags inngangsbillett til jobb. Det ga foreininga eit høve til å styre kven som skulle få jobb og ikkje, gjennom medlemsopptaket.

Eit prinsipp som aldri vart skriftfesta, men som låg tydelig under mye av sliperiforeininga sin politikk for å påverke fordelinga av levebrødet på sliperiet, var at det først og fremst burde tilfalle folk som hørte til *på plassen*, og da tettstaden Folla, ikkje heile kommunen. Sidan berre ein liten del av sliperiarbeidarane var fødde i Folla, viser dette at dei som hadde slege seg til der, og gjort seg til sjølve «sliperifolket», alt i løpet av berre eit drygt tiår hadde utvikla ei kjensle av rett til levebrødet på plassen framfor andre. Blant anna vart arv av jobbane frå far til son ein utbreidd måte å rekruttere nye arbeidarar til sliperiet på. Dette fenomenet er vorte tolka som ein rest frå standsamfunnet, noe som eigentlig ikkje har hørt til i moderne fagforeiningar sine måtar å sette rettferd mot marknadskrefter på¹⁸.

Men i Folla var det ein nydanna moderne lokal arbeidarklasse som utvikla ei slik rettskjenkle kor tilhøret på plassen vart sett som avgjande. Det var ikkje uttrykk for noen tradisjonsell moral som hang att i lokalsamfunnet frå før industrialiseringa. For sliperiarbeidarane var eit slikt forhold til lokalsamfunnet verken avhengig av at ein var fødd i bygda eller at ein hadde to kyr i uthuset. Når sliperiforeininga ligg i praksis utvikla ein slik norm som retningslinje for sitt strev for å skaffe seg kontroll

med marknadskreftene, bidrog ho til å foreine kjensler av å tilhøre såvel ein klasse som eit lokalsamfunn.

Eit anna element i den same forvaltninga av arbeid og levebrød lokalt, gjekk ut på å kontrollere kor mange som skulle arbeide på dei ulike plassane i produksjonen. Om det utvikla det seg tidlig ein tradisjon i papirindustrien at dei lokale tariffane skulle innehalde detaljerte punkt om storleiken på bemanninga ved dei enkelte maskinene. Viss bedriftsleiinga ville redusere bemanninga etter for eksempel å ha teke i bruk nye maskiner, måtte ho forhandle med fagforeininga om det. Og når eit mannskap var avtalt, kunne arbeidarane gå nokså langt i å nekte å ta på seg ekstraarbeid viss leiinga for eksempel ikkje skaffa nok folk¹⁹. *Tarifferte plassar* vart dei jobbane kalla som slik sto beskrivne i tariffen. For dagarbeid, vedlikehald og liknande var det vanskelig å sette faste tal for mannskapet. Men alle skiftjobbane, altså dei som var knytta til sjølve produksjonsprosessen, var tarifferte. Arbeidarar i slike jobbar hadde altså eit avtalefesta grunnlag for å stå imot om leiinga prøvde å pålegge dei fleire oppgåver.

I tillegg vart det å bli tilsett i ei tariffert stilling sett som ekstra sikkert også når det gjaldt å få behalde akkurat den jobben. Det finst eksempel på at det vart knytta kjensler av «eigedomsrett» til stillingane i sliperiet. Det kunne gi seg utslag i at arbeidarar sette seg mot å flytte til andre avdelingar enn der dei hadde arbeidd ei tid, og at fagforeininga kalte det trakassering om leiinga ga ordre om slikt. Både sliperiforeininga sin tariff og uformelle rettskjensler bidrog såleis til å regulere såvel arbeidsbyrde som sysselsetting.

Noe lovfesta oppseiingsvern var det ikkje i norsk industri før ein ny arbeidarvernlov kom i 1936. Men i kraft av fagforeininga sitt strev etter å kontrollere jobbane, vart det tidlig utvikla sterke kjensler av å ha «fast arbeid» blant sliperiarbeidarane. Det prega meinингa for dei med å vera fagorganiserte. Ein som ville stå uorganisert, trong ikkje frykte dårligare lønn, for tariffvilkåra gjaldt «alt arbeid ved sliperiet», ikkje berre for dei organiserte. Det kunne difor ligge ei freisting til å vera gratispassasjer. Ein fordel med å bli medlem, låg derimot i retten, i alle fall kjensla av rett, til eit le-

vebrød på sliperiet. Fleire seier dei «måtte» melde seg inn viss dei ville ha «fast jobb». Andre seier at «*Det lonte seg det, når ein skulle vera her og arbeide. Elles kunne ein risikere at ein ikkje fekk noe, når dei skulle ansette folk*»²⁰.

I arbeidet for å trygge og forbetre det lokale levebrødet støytte ikkje foreininga berre mot bedriftsleiinga, den direkte interesseparten, og mot leiinga i fagforbundet som hevda si tolking av «fellesskapets idé». Sliperiforeininga sin politikk kom også i motstrid til andre arbeidarar som sökte eit levebrød på lønnsarbeidsmarknaden i same distriktet. Slik var den lokale klassesolidarieten. Konkurrerande arbeidargrupper ville lett falle utafor om foreininga fekk den kontroll med tilsettingane ho strevde etter. Andre fagforeiningar i området kritiserte difor sliperiforeininga for å prøve å monopolisere jobbane på sliperiet for sine medlemmar. Ei tid førte det sliperiforeininga opp i ein langvarig strid med fagforeininga til *lastarane* på sliperiet. Lastarane var småbrukarar og husmenn frå andre plassar i Verran og Malm som kvar gong det kom båt for å hente tremasse, møtte på kaia for å laste. Fagforeininga deira hadde tidlig klart å skaffe seg ein enda sterke kontroll med fordelinga av jobbane sine enn det sliperiforeininga hadde. Også den oppfatninga av «rett» til lastejobbane på kaia som dei utvikla, vart knytta til kor dei hørte heime. Når lasteforeininga skulle fordele jobbane i lastinga, laga ho seg for eksempel ein regel om at tre bygdelag omkring Folla skulle ha kvar sin tredel av dei jobbane lastinga baud på. Når ein gammel lastar slutta, skulle han erstattast av ein frå same bygda. I praksis betydde det svært ofte at sønnene «arva» jobbane.

Ein av dei lastarane eg har snakka med, opplevde blant anna under eit oppryddingsarbeid på sliperiet etter den nemnte storflommen i 1932, kor vanskelig det var å få arbeid i Folla-foss for dei utafrå, sjøl om det ikkje var snakk om fast plass på sliperiet. Han fortel: «*Men så var det så mye ledige av dei der ungdommane inni Folla. Og faren var gjemast og arbeidde på sliperiet. Så kom dei seg no inn i sliperiforeininga. Vi var to utant' her (ei nabobygd) som var og arbeidde etter flommen. Men så kjørte no dei ungdommane på sjefen dei da, for vi hørte liksom ikkje til der, vi veit du. Da måtte vi pakke*

saman vi, og ha oss der i frå. (...) Vi som ikkje sto i den foreininga, vi måtte berre pakke saman og fare. -Men de som var ungdommar her utifrå Tua og Verrastranda, de stilte ikkje opp på søndagskveldane for å få eit skift de da? (spør eg) -Nei, det gjorde vi ikkje nei. Det var mesta sønnene åt dei som var på sliperiet. (...). Dei gjekk på slik at disponenten måtte katte dei som ikkje sto i foreininga»²¹.

FRED VAR NOK DET BESTE

Det som fekk sliperisamfunnet til å likne paternalistiske miljø, var at dei sterkt organiserde relasjonane dels var vovne saman med, og dels flaut over i, uformelle relasjonar prega av tette og nære forhold mellom menneska. Etter kvart som stabiliteten auka, og alle i større grad kjente alle, prega det også omgangen mellom folk. Her skulle dei leve og bu, og da gjaldt det å stelle seg så ein unngjeikk ufred. Trulig forklarer det også noe av den motviljen som rådde i sliperforeininga mot dei politiske splittingane i 1920-åra. Heile tida prøvde ho å bygge bru og unngå at fraksjonsstridane slo inn i arbeidsstokken. Grunnen kan ligge i det tette og nære forholdet folk hadde til kvarandre i eit slikt miljø. «Storparten ville ikkje engasjere seg i noe som kunne skape ufred», seier ein av sliperiarbeidarane²².

Det same prega forholdet mellom arbeidara- ne og formennene etter at dei siste også vart rekrutterte innafrå arbeidsstokken. For det vart dei meir og meir i løpet av 1920-åra. Med tidligare formenn som var henta til sliperiet utafrå, hadde det vore mye krangel. Nye formenn som «hørte til» på plassen og blant arbeidsfolket, måtte te seg annleis. Kva gjorde du med folk som var sløve, eller sluntra unna jobben, spurte eg ein formann. «Nei, det var eit lite samfunn her, og ingen ville bli uenige», svarar han. Han illustrerer det med å fortelje at det var mange som begynte samtidig i 1920-åra, som arbeidde der bortimot til da han slutta sjøl omkring 1970. Det gjorde at alle visste kva dei hadde å gjera, og det var viktig for formannen, seier han. Men det at han «budde i lag med heile mannskapet», kunne også gjera sjefsrolla vanskelig. Han følte det var «leitt å irettesette noen av dei. Ein måtte prøve å unngå det, og heller ta jobben sjøl, for å holde fred»,

seier han²³. Ein av uteformennene fortel om ein gong han måtte be ein gå heim fordi han var full. «Men slikt var sjeldan, eg har vore borti berre eitt tilfelle. Og da forsto dei andre arbeidarane at eg måtte seie frå», seier han²⁴.

Ei fagforeining med den styrken og den politikken vi har sett frå sliperforeininga, hadde sjølsagt også innverknad på «ånda» i og omkring bedrifta. Ved å sikre kroppsarbeidarar som elles ville stått svakt på arbeidsmarknaden, både eit vern mot oppseingar og gode vil-kår elles, vart sliperforeininga ein viktig garantist for at det var verdt å satse framtida si på plassen. Det styrka den sosiale tilknytinga. Men for dei med «fast jobb» kan det også ha gitt makt til å vera meir «seg sjøl» i arbeidet, og ikkje lyde leiinga i eitt og alt. Ordninga med tarifferte plassar sette klare grenser for kva dei trøng godta av oppgåver, og fagforeininga prøvde som sagt å töye seg i retning ein slags «eigedomssrett» til jobbane for sine medlemmar. Sjøl for dei som ikkje var umistelige for bedrifta i kraft av kvalifikasjonar, men kunne påverke produksjonen ved måten dei utførte arbeidet på, kan det ha gitt ei ekstra kjensle av maktpotensiale.

Eit anna spørsmål er kor langt dei var interesserte i å bruke makta til å halde att i arbeidet. For det kunne bety krangsel med formannen, og det kunne stri mot aksidente normar om rimelig innsats og arbeidslust også blant arbeidarane. Begge delar kunne ha ein høg pris i eit slikt miljø. Men det same gjaldt som vi såg også for formennene og dels høgare leiarar.

Poenget når det gjeld fagforeininga si rolle oppi dette, er at ho gjennom sin politikk bidrog til å styrke tilhøret til ein arbeidar- og lokalfellesskap kor trøngen til å leve i fred og fordragelighet i stor grad var bestemmande for korleis folk tedde seg. Det gjorde det viktig å unngå å bli den som braut med normane i arbeidet, og da i begge retningar. Dette ga grunn til å nøle både med å sluntra unna og med å gripe inn overfor den som gjorde det. Altså både samhald, innordning, toleranse og sjølkontroll for fredens skuld.

Gjennom 1920-åra og fram mot midten av 30-talet hadde det sosiale systemet som sliperimiljøet var, gjennomgått store forandringar. Dei første åra etter starten i 1909 var styringa av sliperiet i Folla basert hovudsaklig på per-

sonlig maktutøving. Ho vart først begrensa ved at fagorganisasjonen sikra seg ein varig posisjon i bedrifsta frå omkring 1920. Etter ein periode med ombyggingar, kriser og arbeidsløse som skapte både trengsel mellom arbeidsfolk, uklare frontar i forhold til bedrifta, og mye ufred, stabiliserte det seg frå midten av 1930-talet eit på mange vis annleis sosialt system enn det som hadde rådd frå starten ved sliperiet. Rett nok var det framleis plass for personlig maktutøving, men ho hadde no for alvor vorte modifisert, utfylt og regulert på fleire måtar, særleg av to krefter som også styrka kvarande: ein sterkt fagorganisasjon til å ivaretaka det arbeidarane såg som sine klasseinteresser, og eit sterkt rotfeste blant arbeidarane i lokalsamfunnet.

Ingår Kaldal
NAVF-stipendiat
Adr.: Historisk institutt, AVH, UNIT
7055 Dragvoll

Alle bilda er velvillig lånt ut av AS FOLLA
CTMP AS

Noter

1. Stoffet til artikkelen er henta frå eit prosjekt eg held på med om sliperiarbeidara i Follafoss. Dette er blant dei resultata eg førebels har komme fram til for første del av den perioden eg undersøker, 1920- og 30-åra. Meninga er å gå fram til 1970-åra. Både ein meir detaljert dokumentasjon og meir ferdigtenkte konklusjonar håper eg å kunne presentere i ein annan samanheng.
2. Arbeider-Avisen 3.6.24.
3. Protokoll frå Papirforbundet sitt landsmøte 1928 s. 38–40.
4. Sjå ei drøfting av begrepet «lokal klassebevissthet» og andre typer klassemedvit i Edvard Bull. *Arbeiderklassen blir til. Bind 1 i Arbeiderbevegelsens historie*. Oslo 1985 s. 242f.
5. Andreas Hompland. *To-kyrs industriarbeidrar i streik. Trælandsfos, Kvinesdal, 1925*. Oslo 1984.
6. Øyvind Bjørnson. *Den nye arbeidsdagen – Bedriftsledelse og arbeidere ved Stordø kisgruver 1911 – 1940*. AHS Serie A 1987-1. s.112.
7. Ein oversikt over bygdehistoria finst i Norges Bebyggelse. Herredsbind for Nord-Trøndelag. 1955. s. 195ff (artikkel av Ernst Stavrum). Kommunen saknar bygdebok.
8. Follaposten 2/1978.
9. Intervju 4.7.1989 i Follafoss.
10. Basert på studiar av primærmateriale frå folketeljinga i 1920 for Verran, ei liste over arbeidarane frå 1924 og av kartotek over arbeidsstokken som er teke vare på frå 1926 og utover.
11. Hompland s. 24.
12. Basert på ei gransking av nominasjonslisten ved kommunevala.
13. Basert på primærmaterialet frå folketeljinga i Verran i 1920.
14. Etter kommuneallistene i mellomkrigstida å dømme, ser det ut til at dei var fråvrande i kommunepolitikken.
- 14b. Edvard Bull: *Historiske miljøtyper i arbeiderklassen* i Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie 1/1981.
15. Niels Sletterød. «Sliperiet er vår skjebne». *Salsbruket et ensidig industristed*. Avhandling til magistergraden i sosiologi, Trondheim 1988.
16. Protokoll frå Papirforbundet sitt landsmøte 1928 s. 38–40 Uttalt av Peter Pedersen frå Follafoss sliperiarbeidarforeining.
17. Jmfr. Sture Normann og Gunnar Aasbø. *Bamble kommune i mellomkrigstida*. Hovedfagsoppgave i historie, Oslo 1986. Forholdet er også beskrive i Ingår Kaldal. *Papirarbeiderenes historie. Norsk Papirindustriarbeiderforbund 1913–1988*. Oslo 1989 s. 105f. Slike «kriseavtalar» er også kjente frå andre bransjer.
18. Ståle Seierstad. *Hvordan fagbevegelsen formet arbeidslivet*. Oslo 1982 s. 52ff.
19. Meir om bakgrunnen for det spesielle avtaleforholdet finst i Ingår Kaldal 1989.
20. Liknande grunnar kjem fram i mange intervju eg har gjort med arbeidarar. Og dei fleste som seier dette, begynte etter at plikta til å vera organisert, var ute av tariffen.
21. Intervju F31 (nummeret viser til minnesamlinga på prosjektet om Follafoss).
22. Intervju F24.
23. Intervju F2.
24. Intervju F15.